



## Notat

Dato: 06.05.2015  
Arkivsak: 2014/16411-4  
Saksbehandlar: ROABREI

---

<b>Til:</b>	Fylkesrådmannen
<b>Frå:</b>	Roald Breistein

---

### Partsbrev - Status forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet

I samband med møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 4.5.15 vart dette protokollert:

*«Status forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet:*

*Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i samband med handsaming av referatsak RS 3/15 «Forvaltningsrevisjon av samhandling på vegområdet – Status pr. november 2014» i møte 16.2.15:*

*«Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang fleire positive prosessar for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak, men at ferdigstilling for nokre vil skje i løpet av første kvartal 2015 og i løpet av første halvår 2015. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på området innan 17.4.15. I denne tilbakemeldinga er det ønskjeleg med meir konkrete fristar for gjennomføring av tiltaka, jf. vedtak i fylkestinget 12.12.12 punkt 6.»*

*Kontrollutvalet har til no ikkje motteke skriftleg status i tråd med vedtaket over. Det viste seg også ved forrige rapportering at svar vart motteke 5.1.15, lenge etter den fastsette fristen som var 17.11.14.*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

**Vedtak:**

*Kontrollutvalet ber om at statusrapport med frist 17.4.15 vert levert snarast. I tillegg vert fylkesrådmannen bede om å komme i møte 17.6.15 for å presentere statusrapporten og å orientere om kvifor ikkje statusrapportar frå samferdselsavdelinga vert levert innan fastsette fristar.»*

Kopi til:  
ORGANISASJONSAVDELINGA